

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 869/2005

2009/EØS/63/60

av 8. juni 2005

om endring av vedlegg I og II til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse, med omsyn til ivermektin og karprofen(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, særleg artikkel 2 og 3,

med tilvising til fråsegner frå Det europeiske lækjemiddelkontoret, som er gjevne av Utvalet for veterinærpreparat, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon, skal vurderast i samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 2) Ivermektin er ført opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 for lever og feitt frå storfe, svin, sauer og dyr av hestefamilien og for lever, feitt, musklar og nyrer frå dyr av hjortefamilien, medrekna reinsdyr. Denne oppføringa bør endrast og utvidast til å omfatte alle pattedyrartar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel, med unntak for dyr som produserer mjølk for konsum.
- 3) Karprofen er ført opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 med karprofen som restmarkør for musklar, feitt, lever og nyrer frå storfe og dyr av hestefamilien,

med unntak for storfe som produserer mjølk for konsum. Denne restmarkøren bør bytast ut med summen av karprofen og karprofenglukuronid-konjugat. Karprofen bør først opp i vedlegg II til den nemnde forordninga berre for kumjølk.

- 4) Forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor endrast.
- 5) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater⁽²⁾.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til forordning (EØF) nr. 2377/90/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 8. august 2005.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. juni 2005.

For Kommisjonen

Günter VERHEUGEN

Visepresident

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjord i EUT L 145 av 9.6.2005, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 29.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 712/2005 (TEU L 120 av 12.5.2005, s. 3).

⁽²⁾ TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

VEDELGG

A. I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande stoff sette inn:

2. Parasittmidler

2.3. Midler mot endo- og ektoparasitter

2.3.1. Avernemektiner

Farmakologisk virksomme stoff	Restmark	Dyreart	MRL	Målvev
«Ivermektin	22,23-dihydro-avermektin B1a	Alle pattedyr som brukes til produksjon av næringsmidler ⁽¹⁾	100 µg/kg 100 µg/kg 30 µg/kg	Fett Lever Nyrer

⁽¹⁾ Skal ikke brukes til dyr som produserer melk for konsum.»

4. Anti-inflammatoriske midler

4.1. Ikke-steroid anti-inflammatoriske midler

4.1.1. Derivater av arylpropionsyre

Farmakologisk virksomme stoff	Restmark	Dyreart	MRL	Målvev
«Kaprofen	Summen av kaprofen og kaprofenlukuronidkonjugat	Storfe, dyr av hestefamilien	500 µg/kg 1 000 µg/kg 1 000 µg/kg 1 000 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer»

B. I vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande stoff sett inn:

8. Anti-inflammatoriske midler

Farmakologisk virksomme stoff	Dyreart
«Kaprofen	Storfe ⁽¹⁾

⁽¹⁾ Bare for kumelk.»